



Vår saksbehandler:
Dagny-Ann Gangeskar
Tlf: 57 84 50 94

Deres ref.:

Deres dato:

Vår ref.:
13/3949

Vår dato:
05.04.2013

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Høyringsuttale Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013 - 2024 frå Ungdomsrådet i Vågsøy

Ungdomsrådet i Vågsøy (UiV) er ungdomen sitt talerøyr i Vågsøy kommune når det gjeld saker som opptek ungdom og som vil ha innverknad på ungdom i Vågsøy sine oppvekstvilkår. UiV er samansett av fire representantar frå Vågsøy ungdomsskule og fire frå Måløy vidaregåande skule.

UiV hadde møte for å diskutere og ta stilling til Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024, tysdag 02.04.2013. Medlemmane tok utgangspunkt i dei fire kulepunktene i høyringsbrevet, men det var vanskelig å svare på, og har derfor valgt sine egne ord og formuleringar, ut frå det som ungdom i Vågsøy er opptekne av.

Det vart i løpet av hausten 2012 gjennomført ei spørreundersøking blant elevane på Måløy vidaregåande skule, og denne er brukt som grunnlag for uttalen, som dei valde medlemmane gjer på vegne av ungdomane som dei representerer.

Mange av ungdomane i Vågsøy ønsker å kome tilbake til kommunen etter fullført høgare utdanning, og ser då på vidaregåande utdanning, retta mot næringslivet i Vågsøy, som ei nødvendig plattform.

Medlemmane er samrøystes enige om at studiespesialisering MÅ vere eitt av tilboda. Studiespesialisering er viktig for kvaliteten i alle liner. I tillegg til dette ønsker ungdomane å halde på eksisterande studietilbod:

- Bygg og anlegg
- Helse- og oppvekstfag
- Teknisk, industriell produksjon TIP; maritim motormekanikar
- Naturbruk
- Restaurant og matfag
- TAF studiespesialisering

Måløy vidaregåande skule er ekstremt viktig for korleis det vil sjå ut i lokalsamfunnet framover. Dette mellom anna for folketal, kultur, næringsliv og arbeidskraft. Ungdom ønsker ikkje å flytte tilbake til ein stad utan vidaregåande skuletilbod, for som det vart uttalt i møtet; «Måløy er ikkje inn i mellom andre tilbod, men i enden av geografien»

Medlemmane i UiV har diskutert skulestrukturen for vidaregåande opplæring med sine venar og klassekameratar. Problemstillingar som ungdom er særst opptekne av er:

Vår saksbehandler:
Dagny-Ann Gangeskar
Tlf: 57 84 50 94

Vår ref.:
13/3949

Vår dato:
05.04.2013

- Kulturlivet i kommunen. Kven er her og spelar i korpset, på fotballaget, går på kino osv?
- Kven kan vere trenarar og forbilde for aldersbestemte klasser i fotball, handball osv?
- Kven kan vere assistentar og trenarar for dans, speidar seglarar osv.?
- Kven kan ta deltids- og ekstrasjabbane på butikkane, på reinhald, støttekontakter osv?

Det vil få store samfunnsmessige konsekvensar å redusere eller legge ned Måløy vidaregåande skule.

Pendling vil skape dei same ringverknadane. Elevane vil då vere så seint heime, at der ikkje er tid og rom til å delta i desse aktivitetane.

Det er ei gjengs oppfatning at å bu på hybel er eit dårleg alternativ for dei fleste ungdomane i dag. Då vil ungdom bli heilt vekke frå lokalmiljøet. Ungdom ønsker ikkje å flytte, og mange meiner også at vaksne sine grenser og oppdragarrolle forsvinn når ein ungdom flyttar på hybel.

Eit godt og viktig poeng som kom fram i ungdomen sitt syn på dette, er at det er dei svake elevane som vil tape denne gongen også.

Måløy vidaregåande skule er ein skule som pr i dag har eit:

- godt samarbeid mellom fagskulen, sikkerhetssenteret og Måløy vidaregåande skule.
- godt fagmiljø
- godt skulemiljø
- gode og kvalifiserte lærarar
- velfungerande elevråd.

Demokrati og rett til medverknad er viktige fag i skulen, og tema som opptek ungdom. Denne saka er eit godt døme på saker ungdom krev å bli høyrde i.

Ungdomsrådet i Vågsøy set sin lit til at ungdom sine synspunkt vert tekne på alvor.

Oppretthald dagens tilbod ved Måløy vidaregåande skule!

Med helsing frå

Daniel Gangeskar
Leiar for Ungdomsrådet i Vågsøy

Dagny-Ann Gangeskar
Sekretær for Ungdomsrådet i Vågsøy